



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Grete Haugan  
Telefon: 57 65 51 57  
E-post: gha@fmsf.no

Vår dato  
31.03.2009  
Dykkar dato  
18.09.2008

Vår referanse  
2008/4063 - 461.3  
Dykkar referanse

Statens Vegvesen  
Brynsengfare 6A  
0667 OSLO

## Statens vegvesen - mellombels utsleppsløyve for Grodås-sida av Kvivstunnelen, E39 Kvivsvegen i Hornindal kommune

Statens vegvesen har i brev av 18.09.08 søkt om løyve til midlertidig utslepp av drive- og lekkasjevattn frå driving av tunnelar langs E39 Kvivsvegen i Volda og Hornindal kommunar. I brev av 11.12.08 er det gjeve tilleggsopplysningar til søknaden.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har handsama den delen av søknaden som gjeld utslepp frå Grodås-sida av Kvivstunnelen.

### Kunngjering og offentlig gjennomsyn

Søknaden er kunngjort i Sunnmørsposten og Fjordabladet 20.01.09 og i Fjordingen 19.01.09 med frist for merknader sett til 17.02.09. Søknaden har og vore lagt ut til offentlig gjennomsyn på Servicekontoret i Hornindal kommune og på fylkesmannen sine nettsider. Det kom to uttaler til søknaden.

Hornindal kommune gjer i sin uttale merksam på at både Hornindalsvatnet, Storelva og Kvivselva er gyteområde for fisk, og at spesielt dei små sideelvane kan vere sårbare med omsyn til utslepp av ureina vatn. Det er difor viktig at all tilførsel av driftsvatn og lekkasjevattn frå Kvivstunnelen/ Kvivsvegen til vassdraget skjer på ein slik måte at vasskvaliteten ikkje blir redusert. Kommunen gjer og merksam på at Kvivselva vert nytta som vassforsyningskjelde, og at utsleppspunktet må ligge i god avstand (nedstrøms) frå inntakskummane til desse anlegga.

Ola Einar Lillestøl m/fleire gjer merksam på at 2 gardsbruk med 3 husstandar på vestsida av Kvivselva har vassforsyning frå elva. Dei reknar med at dette vert teke omsyn til ved plassering av utsleppspunkt. Dei seier og at Kvivselva har lita vassføring om sommaren, og at det difor bør vurderast om fisk i elva kan ta skade av utslepp frå tunneldrivinga.

Statens Vegvesen har ikkje kommentarar til desse uttalane.

### Vedtak

I medhald av lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall (ureiningslova) § 11 og 16 gjev Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med dette Statens vegvesen org. nr. 971032081 løyve til mellombels utslepp av drivevatn og lekkasjevattn frå tunneldrifta på Grodås-sida av Kvivstunnelen. Utsleppa skal skje i perioden frå hausten 2009 til 2012, og løyvet gjeld for denne perioden.

Løyvet gjeld på dei vilkår som er gitt i vedlegg. Vilkåra omfattar og avfallshandtering og sikring av olje- og drivstofflager.

Løyve for utslepp frå Kalvatn-sida av Kvivstunnelen, Kalvatntunnelen, Damfosstunnelen og Fyrdabergtunnelen blir gitt av Møre og Romsdal fylke.

Hovudkontor  
Njøsvegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 65 50 55  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:  
post@fmsf.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

Drivevatn og lekkasjevattn frå tunneldrifta inneheld boreslam i tillegg til noko nitrogen frå sprengstoff og eventuelt oljespill. I løyvet er det sett grenser for utslepp til vatn av olje, suspendert stoff og ammoniakk. Utsleppa frå Grodås-sida av Kvivstunnelen skal ledast til Kvivselva i god avstand (nedstrøms) frå drikkevassinntak.

Løyvet omfattar ikkje bruk av tetningsstoff som treng særskilt godkjenning.

#### **Grunngjeving for avgjerda**

Utsleppet frå tunneldrifta kjem i hovudsak frå drivevatn og lekkasjevattn. Det er berekna eit forbruk på ca. 6,3 m<sup>3</sup>/time frå boringa. Det er venta å oppstå lite lekkasjevattn.

Infiltrasjonsvatnet saman med driftsvatnet til boreriggen blir i anleggsperioden reinsa i sandfang og oljeutskiljar ved tunnelpåhogget før utslepp i elva.

#### Utslepp til Kvivselva

Kvivselva er ein følsam resipient med til tider låg vassføring. Fylkesmannen har vurdert om røyrløysing og utslepp direkte i Storelva kan vere ei betre løysing, men har gått vekk frå dette. Utslepp direkte til Storelva vil gi betre forhold i Kvivselva, men det er usikkert om ei slik løysing vil ha nokon positiv effekt i Storelva. Hornindal kommune har uttrykt skepsis til dei naturinngrepa eit slikt røyrløysing vil medføre. Fylkesmannen har difor konkludert med å tillate utslepp til Kvivselva, men har satt strenge reinsekrav til utsleppet. Vi viser også til at vassdraget er verna mot kraftutbygging, og at det difor også er viktig å unngå andre typar inngrep.

I ureiningsforskrifta er det stilt krav til oljeinnhald i avløpsvatn på maksimum 50 mg/l. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner at det bør stillast strengare krav enn dette for utslepp i ei elv som til tider har lita vassføring. Statens vegvesen opplyser at oljeinnhaldet kan bli lågare enn 5 mg/l med god reinsing, og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har sett 5 mg/l som grense for utslepp i Kvivselva.

Partiklar med skarpe kantar vil kunne vere til skade for organismar i området. Hornindalsvatnet, Storelva og Kvivselva er gyteområde for fisk. Spesielt i små sideelvar som Kvivselva, med låg vassføring om sommaren og difor lita fortynning, kan fisken vere sårbar for slik ureining. Det er sett ei grense på 100 mg/l til Kvivselva. Dette nivået vil etter fylkesmannen sitt syn gje akseptabel vasskvalitet i elva. Statens vegvesen viser til at det på fleire anlegg med god reinsing blir sleppt ut vatn med gjennomsnittskonsentrasjonar på 70-80 ppm som tilsvarar 70-80 mg/l.

Sprengstoffrestar som inneheld ammonium, kan føre til at det blir danna ammoniakk dersom pH-verdien i vatnet er høg. Ammoniakk er giftig for organismar som lever i vatn, og det er usikkert nøyaktig kva for nivå som vil vere tilstrekkeleg for å unngå skadar. Skadeverknadene vil vere størst ved utslepp i ferskvatn og betydeleg mindre ved utslepp i sjø. For tunneldrift med utslepp til elv i Troms er det sett grense på 0,03 mg/l ammoniakk i elva for å gje gode nok tilhøve for laks. Ei viss fortynning vil skje raskt ved utsleppspunktet, og fylkesmannen meiner ut frå dette at grensa for ammoniakk i det vatnet som blir sleppt ut kan vere 0,3 mg/l.

Alle utslepp skal reduserast så mykje som det er praktisk mogeleg.

Resultatet av målingane i avløpa skal rapporterast til fylkesmannen så snart anleggsperioden er over. Resultata vil danne grunnlag for framtidige vurderingar av utslepp frå tunnelbygging til sjø og vassdrag. Saman med resultat frå tilsvarande målingar frå

tunnelbygging andre stader, vil opplysningane også måtte inngå i Statens vegvesen sitt arbeid med risikovurdering knytt til ytre miljø, jf. internkontrollforskrifta § 5 andre ledd nr. 6.

#### **Endring og omgjering av løyvet**

I medhald av forureiningslova § 18 kan fylkesmannen oppheve eller endre vilkåra som er gjeve i samband med løyvet, eller gi nye pålegg. Fylkesmannen kan også om nødvendig kalle løyvet tilbake dersom føresetnadene gjeve i § 18 tilseier det.

#### **Tvangsmulkt**

I medhald av forureiningslova § 73 kan fylkesmannen fastsette tvangsmulkt til staten for å sikre at tiltaka blir gjennomført i samsvar med utsleppsløyvet.

#### **Risikoklasse**

Arbeidet med tunneldriving langs Kvivsvegen i Hornindal blir plassert i risikoklasse 3 ut frå forventa små utsleppsmengder til Kvivselva.

#### **Straffeansvar**

Ved brot på vilkåra i dette løyvet eller pålegg knytt til løyvet, gjeld forureiningslova kapittel 10 dersom tilhøvet ikkje går inn under strengare straffeføresegner.

#### **Erstatningsansvar og høve til klage**

Løyvet til utslepp fritak ikkje for erstatningsansvar etter dei alminnelege erstatningsreglane, jf. forureiningslova § 10 andre ledd.

Løyvet kan påklagast til Statens forurensningstilsyn (SFT) av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet underretning om avgjersla er komen fram til vedkomande part. Vedtaket om risikoklasse kan påklagast til SFT innan same frist. Ein eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast via fylkesmannen.

#### **Offentleggjering av løyvet**

Vedtaket skal gjerast offentlig kjent, jf. § 36-11 i forskrift om begrensning av forurensning. Den som har fått løyve, skal så snart som muleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast fylkesmannen innan ein månad etter at løyvet er gjeve. Eit forslag til kunngjeringstekst er vedlagt.

Fylkesmannen vil kunngjere vedtaket på sine nettsider.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernssjef

Grete Haugan  
senioringeniør

Vedlegg:  
Vilkår for utsleppsløyvet  
Forslag til kunngjeringstekst

Kopi med vedlegg:  
Statens vegvesen Region midt  
Hornindal kommune  
Ole Einar Lillestøl m/fleire  
Møre og Romsdal Fylke

Fylkeshuset	6404	Moide
Postboks 24	6761	Hornindal
	6763	Hornindal
Fylkeshuset	6404	Moide

# Vilkår for utsleppsløyvet

## 1. Ramme for løyvet

Dette løyve gjeld for utslepp frå Grodås-sida av Kvivstunnelen. Løyvet gjeld for midlertidig utslepp av drivevatn og lekkasjevatn frå tunneldrift.

## 2. Utslepp frå tunneldrifta

### 2.1. Reinse- og utsleppskrav

Borevatn og dreinsvatn frå tunnelen skal reinsast i sandfang og oljeutskiljarar før det blir ført ut i Kvivselva.

Sandfang og oljeutskiljarar må dimensjonerast slik at maksimalt innhald av olje i avløpsvatnet etter reinsing er slik ved maksimal vassmengd:

Utslepp i	Konsentrasjon av olje (mg/l)	Konsentrasjon av suspendert stoff (SS) (mg/l)	Konsentrasjon av ammoniakk (NH <sub>3</sub> ) (mg/l)
Kvivselva	5	100	0,3

Sandfang/sedimenteringsbasseng/oljeutskiljar skal kontrollerast regelmessig. Tømming skal skje så ofte som føresett ved dimensjoneringa av anlegget, og slik at reinseeffekten ikkje blir redusert. Utskilt olje/oljehaldig avfall skal leverast til godkjent mottak for farleg avfall, jf. punkt 4.2.

### 2.2. Prøvetaking og analysar

I anleggsfasen skal det dokumenterast at utsleppskrava blir haldne ved analyser av prøver tatt minst ein gong pr. månad. Konsentrasjon av ammoniakk skal bereknast ut frå konsentrasjon av ammonium, vass temperatur og pH. Rutinar for prøvetaking skal innarbeidast i kontrollprogrammet, jf. punkt 6.1. Analysane skal utførast av eit laboratorium som er akkreditert for dei aktuelle analysane, og prøvetaking skal utførast etter rettleiing frå laboratoriet.

### 2.3. Utsleppspunkt

Kvivselva vert nytta som vassforsyningskjelde, og utsleppspunktet må plasserast i god avstand (nedstrøms) inntakskummar for drikkevassforsyning.

## 3. Utslepp frå verkstad og vaskeplass

Avløp frå verkstader, innvendige og utvendige vaskeplassar, og anna oljehaldig avløpsvatn skal reinsast i eige sandfang og oljeutskiljar før utslepp. Verkstad/-vaskeplass skal ha tett dekke med avrenning til sluk. Konsentrasjon av olje i avløpsvatnet er regulert i punkt 2.1.

Det skal etablerast rutinar for regelmessig kontroll med oljenivået i utskiljaren og avløpsvatnet i kontrollkummen. Utskiljaren skal tømmast når dette er nødvendig, og minst 1 g/år. Utskilt olje/oljehaldig avfall skal leverast til godkjent mottak for farleg avfall, jf. punkt 4.2.

## **4. Avfallshandtering.**

### **4.1. Generelt om avfall**

Entreprenøren må leggje vekt på å redusere avfallsmengda og levere mest mogeleg avfall til resirkulering og gjenvinning. Alle typar avfall skal samlast opp etter kvart og handterast slik at det ikkje oppstår ureining eller forsøpling.

Næringsavfall som ikkje kan gå til gjenvinning skal leverast til godkjent avfallsmottak. Entreprenøren må kunne dokumentere avfallsmengda, delt på ulike avfallstypar.

### **4.2. Farleg avfall**

Alt farleg avfall skal lagrast på ein ryddig og trygg måte, og avfallet skal handterast og leverast til godkjent mottaksanlegg eller godkjent innsamlar i samsvar med "Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)", kapittel 11.

### **4.3. Slam**

Slam frå sandfang skal deponerast slik at vassdraget ikkje blir ureina, og det skal sikrast mot flom og utvasking. Dersom slammet er ureina må det leverast til godkjent mottakar av ureina massar.

## **5. Sikring av olje og drivstofflager**

Diesel og andre oljeprodukt skal lagrast slik at heile den lagra mengda alltid kan samlast opp i tett basseng i tilfelle lekkasje. Bassenget skal vere overdekkta slik at det ikkje vert fylt med vatn ved nedbør eller overflateavrenning.

Alternativt kan tankar med dobbel vegg og overvakingssystem nyttast.

Tapping frå lagertankar og eller fat skal berre kunne skje ved pumping frå toppen av tanken/fatet.

## **6. Overvaking / resipientkontroll**

### **6.1. Kontrollprogram**

Det skal utarbeidast og setjast i verk eit kontrollprogram med rutinar for oppfølging av m.a. reinseanlegg, utsleppsstad/resipient, olje- og drivstofflager og avfallshandtering. Rutinar og oppfølging skal dokumenterast skriftleg. Programmet skal m.a. innehalde oversikt over prøvepunkt, analyseparameter og prøvetakingsfrekvens. Ved val av parameter må det takst særleg omsyn til drikkevassinteressene. Programmet skal sendast Fylkesmannen seinast 4 veker etter at dette utsleppsløyvet er motteke.

### **6.2. Inspeksjon**

Det skal etablerast rutinar for visuell inspeksjon ved utsleppsstaden, der observasjonar av oljefilm, blakka vatn eller anna ureining skal registrerast. Ved vesentleg ureining skal dette rapporterast, jf. punkt 7.

Den som har fått utsleppsløyve, pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheitene til ei kvar tid kontrollere verksemda/anlegget, jf. forureiningslova § 50.

## **7. Rapportering**

Alle akuttutslepp som kan ha verknad for miljøet skal varslast i samsvar med "Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning". Akuttutslepp og overutslepp skal dessutan rapporterast til Fylkesmannen.

## **8. Andre vilkår**

Dei reinsetiltaka som det er sett krav om skal vere i funksjon under heile driftstida for anlegget.

Dersom forureiningsmyndigheitene finn det påkravd, skal den som har fått utsleppsløyve medverke eller koste overvakingsundersøkingar eller andre liknande tiltak som med rimelegheit kan krevjast, jf. forureiningslova § 51.

Etter avslutta anleggsverksemd skal dei mellombelse avløpsanlegga fjernast.